

**Rydding i samarbeid med SIM**

05.04.2014

**Under siste styremøte i Uskedal Utvikling vart ein ryddeaksjon i samarbeid med SIM drøfta.**

**Det vart vedteke at leiaren skulle ta kontakt med skulen, elveeigarlaget og Korsneset Vel for å sikra at tidlegare praksiss for ryddinga held fram.**

Styret vil difor ta kontakt med SIM for eventuell avtale om bruk av kontainar i sentrum (avgrensa tid med tilsyn).

Leiaren spør nokre grunneigarar om dei treng hjelp med rydding. Dette gjeld skrot og industriavfall langs fylkesvegen og i strandsona.

Ei anna viktig sak på styremøtet var framdriften for Gamleskulen og her konstaterte styret at det med byggetilskotet frå kommunen er midlar til at arbeidet held fram. Inngangar og trapp kjem på 20 000 medan kjellargolv med isolasjon og varme vil kosta 50 000 kroner.

Tekst og nett: Ola Matti Mathisen